

Rapport frå Internet librarian international 2012

Takk vera reisestipent frå FBF fekk eg høve til å reisa til London og konferansen Internet librarian international 2012. Eg hadde høyrdd mykje godord om konferansen frå kollegaer og andre som har vore der tidlegare år og såg med glede fram til å delta på årets konferanse som gjekk føre seg 30. og 31. oktober på Olympia Conference Center. Talet på deltakarar var høgt i år. Eg fekk ikkje tak i det eksakte talet, men det var ein eller annan stad mellom 200 og 300 deltakarar fordelt på i overkant av 30 nasjonalitetar. Ein overraskande stor del av desse var frå dei nordiske landa. Det var norske, danske og svenske stemmar å høyra over alt. Undertittelen på årets konferanse var *Re-imagine, Renew, Reboot: Innovating for Success*, noko som eg i utgangspunktet tolka i retning av at biblioteksektoren er i krise og treng nytenking og kreativitet for å koma vidare eller, i verste fall, for å overleva, men etter å ha vore på konferansen nokre timar innsåg eg at tittelen nok snarare kan sjåast som oppskrifta på den suksessen bibliotekverda har oppnådd, og held fram med å oppnå på stadig nye felt. Det var rett og slett ein konferanse prega av optimisme og tryggleik. Ikkje på ein sjølvgod og traust, men på ein nyfiken og framtidsretta måte. Det var fokus på dei utfordringane biblioteka står overfor no og i framtida, men innlegga la vekt på at bibliotekverda har det som skal til for å møte utfordringane og at me tilpassar oss heile tida og held fram med å vera aktuelle og viktige institusjonar.

Konferanseprogrammet var delt inn i tre parallelle spor.

Spor A: *Rethinking technology*,

Spor B: *Rethinking service innovation*

Spor C: *Rethinking connections*.

Eg haldt meg til spor A og B, men var ofte i tvil om kva innlegg som såg mest spanande eller relevant ut. Vanskjelege val, men tross alt eit gedigent luksusproblem. Eg valde utan tvil feil ved eit par høve, men det er totalen som gjeld. Nokre av innlegga har eg gløymt alt av di dei ikkje sa meg noko og eit par har eg visst fortrenkt av di dei var så kjedelege, men mange sit godt at i minnet og er verdt å spandera nokre liner på.

Konferansen starta med ein felles keynote av R. David Lankes frå Syracuse University School of Information Studies. Han hadde dessverre blitt sjuk og fått forbod mot å fly til Europa, så

innlegget hans blei vist på storskjerm. Presentasjonen var så godt at han neppe kunne gjort det betre om han hadde vore live på konferansen. Noko som ein augneblink fekk meg til å undrast på kvifor me alle hadde brukt energi og pengar på å reisa på konferanse når me like godt kunne fått flotte innlegg direkte på datamaskina heime. Men Lankes svara indirekte på akkurat det i innlegget sitt når han snakka om krafta i å koma saman og skapa noko nytt. Diskusjonane etter innlegga og måten tema og tankar frå eit innlegg er med på å forma innlegga som kjem etterpå, er nettopp det som gjev verdi til denne typen arrangement. Innlegget til Lankes, *stop lending and start sharing*, handla om at biblioteka må begynna å nytta potensialet som ligg i å vera ein samlingsstad for vakne og kreative menneske som kjem med eigne ressursar, erfaringar, tankar og idear. Biblioteket er meir enn bygningane og samlingane. Lankes snakka om biblioteket som plattform eller base, kor biblioteket sine samlingar og ressursar berre er ein liten del av det som utgjer heilskapen av kunnskapar og lærdom og kva anna som no finnes eller oppstår i biblioteket. Lankes var svært opptatt av at me må slutta å snakka om brukarar eller kundar og i staden snakka om medlem. For det er deltakarar dei bør og kan vera, ikkje konsumentar. Akkurat det førte til at omtrent alle seinare talarar retta på seg sjølv med eit smil når dei kom til å snakka om brukarar, men ei handsopprekking på avsluttingsseansen viste at fleirtalet eigentleg ikkje hadde sans for nemninga medlem. Så på akkurat det punktet nådde ikkje Lankes fram, men til gjengjeld trur eg han nådde fram med hovudbodskapen om at kjernen i bibliotekyrket faktisk ikkje er informasjonsorganisering, men det å hjelpa folk fram mot ny kunnskap og erkjenning. Det er mange vegar til det målet og nye ressursar som Google og liknande er ikkje konkurrentar på vegen, det er nye verktøy som kan hjelpa oss fram. Lankes starta med å seia at han såg framtida for bibliotekverda som "bright, but it is different" og sjølv om han ikkje kom med veldig konkrete forslag til korleis me skal skapa desse delingsbiblioteka, så fekk han oss til å tru på at det går an og at framtida er lys.

Fleire av sesjonane på opningsdagen besto av innlegg av enormt entusiastiske og godt vaksne menn og kvinner som snakka om ny teknologi og nye webverktøy og kva me bør vera obs på og kva som truleg er døgnfloger. Eg veit ikkje kva som var mest fascinerande, det dei presenterte eller måten dei gjorde det på. Kor finn dei alle desse nye verktøya og korleis får dei tid til å testa dei og ta dei i bruk og ta stilling til om dette har noko føre seg eller ikkje? Det har truleg noko å gjera med at det er ein stor del av jobben deira, men eg blei likevel råka av dårleg samvit over at eg ikkje klarar å halda meg meir oppdatert og lova meg sjølv å begynna eit nytt og betre internettliv...

Den sesjonen som gjorde sterkast inntrykk den første dagen var den som heit *opening up e-resources*. Ikkje alle innlegga var like spanande der heller, men Eleanor Kenny frå Europeana og ikkje minst Seth Cayley frå Gale NewsVault vekte min entusiasme. Europeana er eit fantastisk prosjekt som dei fleste bibliotekarar har høyrte om, om enn ikkje tatt i bruk, og deling er jo verkeleg stikkordet her. Open og gratis deling på tvers av landegrensar og kulturar. Verkeleg eit prosjekt som går rett inn i Lankes visjon om samarbeid og deling. Gale NewsVault er ein kommersiell aktør og sånn sett ikkje like imponerende som Europeane, men Cayley fekk så godt fram gleden ved å finna akkurat den informasjonen du leitar etter eller enno betre, den informasjonen som opnar ei ny verd for deg heilt uforvarande. Eg fekk rett og slett veldig lyst til å grava meg ned i Gales NewsVault. Ein god seljar med andre ord, men i likskap med oss bibliotekarar så hadde han eit godt produkt.

Dag to starte med keynote av den ferske administrerende direktøren av British library, Roly Keating. Han snakka om korleis British library jobbar med digitalisering og tilgjengeleggjering. Dei har store og viktige prosjekt på gang og det var spesielt interessant å høyra om samarbeidet dei har inngått med Google om digitalisering av 250 000 bøker. Han la ikkje skjul på at det var utfordrande å gå i kompaniskap med ein så tung kommersiell aktør. Dei hadde sjølv sagt vore svært klar over at dei kunne risikera å mista råderett over eige materiale viss dei ikkje sikra seg på alle kantar, men han meinte at dei hadde klart å jobba fram ei god avtale for alle partar.

Det blei meir om gleder og farar med Google i sesjonen *super searching*, der Karen Blakeman og Arthur Weiss snakka om nye trendar innanfor websøking. Sjølv sagt blei det mykje snakk om Google. Dei er ikkje til å koma utanom, men Blakeman kom òg inn på Facebook og korleis dei er i ferd med å bli ein aktør når det gjeld informasjonssøking og spesielt informasjonsformidling. Me har visst lenge at søkemotorane ikkje lenger gjev resultat basert på søketermar aleine, men det er likevel sjokkerande å få presentert kor mykje våre nettvanar og geografiske plassering har å seia for resultat. I desse tider kor Facebook, Twitter, Google+ m.m. er ein stor del av nettkvardagen vår, får Google og andre stadig meir informasjon som dei brukar til å skreddarsy søkeresultat. Me skal ikkje sjå vekk frå at det har sine fordeler, men me har mista kontrollen over våre eigne søk og det er ikkje bra. Når det er sagt så var både Blakeman og Weiss storbrukarar av Googletenester og svartmåla absolutt ikkje situasjonen.

At Google på mange måtar er vår venn viste òg Karen Marie Øvern frå Høgskolen i Gjøvik i sitt innlegg. Ho er undervisande bibliotekar og har, som alle andre som driv med undervisning i UH-bibliotek, erfart at det er utfordrande å fenga studentane. Ho viste korleis ho har tatt i bruk Google forms å få dei engasjerte og for å få direkte tilbakemelding medan undersinga går føre seg. Det såg veldig spanande ut og det var inspirerande å sjå at nokon tenkjer nytt og friskt på dette området som eg av erfaring veit er tungt for mange bibliotekarar. Må jo òg leggja til at det var kjekt å sjå ein så god og overbevisande presentasjon av ein bibliotekar frå ein liten høgskule i Noreg.

Det siste innlegget eg vil nemna blei halde av bibliotekarane Kay Grieves og Michelle Halpin frå University of Sunderland. Dei snakka om korleis biblioteket der hadde tatt nokre store skritt for å bli betre og for å engasjera brukarane, eller kundane som var den nemninga dei brukte. Her var det marknadsføringstankegang som gjaldt og det blei nok litt i meste laget for underteikna. Det som var spanande var den prosessen dei hadde hatt for å samla personalet rundt ein ny strategi for verksemda. Eg fekk inntrykk av at dei verkeleg hadde fått staben med i ein konstruktiv dialog rundt kva biblioteket deira skulle vera og korleis dei ville at kundane skulle oppfatta dei. Ein sånn prosess trur eg mange norske bibliotek kunne hatt nytte av og eg skulle gjerne vore med på noko liknande. Det verka i alle fall som om det hadde vore svært nyttig for dette biblioteket. I tråd med tidsanden hadde dei trekt inn ei rekkje sosiale medium i prosessen, og dei hadde faktisk delvis lukkast med å engasjera kundane sine på den måten. Dei snakka ikkje om sosiale medium, men om konversasjonsverktøy (conversational tools) som jo kanskje er ei vel så god nemning.

I forlenginga av overståande må eg trekkja fram den relativt store rolla eitt konversasjonsverktøy hadde på konferansen. Sjølv er eg ingen stor twittrar for å seia det mildt, men eg er glad for at andre twittrar sånn at eg kan få vera gratispassasjer på konversasjonsbølgja. Eg har aldri vore på ein konferanse kor det har blitt twitra så mykje, og må seia at det gav ein ekstra dimensjon til heile arrangementet. Mange gode twits og ikkje noko å utsetja på viljen til å dela.

Så det store spørsmålet, kva tok eg med meg heim frå konferansen? Vanskjeleg å svara på. Vanskeleg å vita rett og slett. Nokre konkrete nye kunnskapar som eg kan gjera nytte av, men meir enn det er det nok snakk om inspirasjon. Inspirasjon til å gjera nye ting og til å bli betre.

Å dra på ein god konferanse er alltid vel nytta tid.

Camilla Wang Pedersen,
Høgskolen Stord/Haugesund

<http://www.internet-librarian.com/2012/>